



Loddefjord idrettslag

Årsmelding Loddefjord friidrett 2020

Gruppestyret 2020

Oddbjørn Haugen (leiar)
Stig Pedersen
David Eddie
Alexander Hansen
Stian Drotningvik

Trenar 2020

Stian Drotningvik
Toril Sjursen Kolbjørnsen
Per Magnus Arjun Solli (våren 2020)
Tanja Seland Forgaard
Eline Beate Sandvik

Styremøte

Friidrettsgruppa har hatt 5 møte sidan årsmøte 19 februar 2020.

Medlemstal og trening

Per 31.12.2019 hadde friidrettsgruppa 31 betalande medlemmer, av desse 25 aktive barn.

Per 31.12.2020 er det 41 betalande medlemmer, av desse 29 aktive barn. Heile 18 av barna er nye medlemmer i løpet av året. Barna er organisert i to treningsgrupper, yngstegruppa 9-12 år og eldstegruppa 13-16 år. Treningane blir gjennomført av våre to betalte trenarar, Stian og Toril, og av dei to foreldretrenarane, Tanja og Eline Beate. Fram til hausten var også Per Magnus betalt trenar. I utesesongen (april-september) har det vore trening kvar måndag og onsdag i Alvøen idrettspark. I vintersesongen har begge gruppene trening onsdag i gymsalen på Alvøen skole og dei eldste har også løpetrening ved Alvøen fabrikk måndagar. I fjor haust har treningstilbodet blitt utvida til to dagar også for dei yngste med ei trening ute i Alvøparken eller i Leikvanghallen i Åsane, ofte saman med Norna-Salhus si 10-12 årsgruppe.

Korona-pandemien gjer at det er krevande å gjennomføra alle aktivitetar på vanleg måte. Med unntak av ein periode før påske (12. mars – 15. april) og etter jul (4. desember - 20. januar 2021) har trenarane likevel klart å halda oppe treningstilbodet for barna med strenge krav til avstand, registrering av oppmøte og vask av hender og utstyr.

Deltaking på friidrettsstemner

Pga. Covid-19 har det store deler av året 2020 vore forbode eller strengt regulert korleis ein kan arrangera friidrettskonkurransar (stemner) for barn. Likevel vart det arrangert ein del friidrettsstemner i Bergen, særleg rett før stenging i mars og deretter i september då smittetrykket igjen var litt lågare. Loddefjord friidrett deltok i 2020 på: Nornalekene (6), Pingvinlekene (6), Fana hoppkarusell (1), Norna young (2), Gneistspelen (5), Karabinlekene (5) og Oslekene (8). Til saman deltok 15 utøvarar frå Loddefjord friidrett på eksterne stemner



Loddefjord idrettslag

i 2020. Det var flest barn frå årsklassane 2008-2010 (10-12 år) og eit par yngre rekruttar som deltok på friidrettsstemner. Det vart konkurrerte i mange og varierte øvelsar. Løp: 40m, 60m, 60m hekk, 80m, 200m, 300m, 600m, 800m og 4x60m stafett. Hopp: lengde, tresteg, høgde. Kast: liten ball, kule, spyd. Mange flotte resultat! (sjå vedlegg). I 2021 har det så langt enno ikkje blitt opna for innandørs konkurransar for barn under 20 år. Både Nornalekene i januar og Pingvinlekene i februar 2021 vart avlyst.

Friidrettsgruppa fekk i haust tildelt 23 gratis overtrekk og 30 t-skjorter i assorterte størrelsar gjennom draktkampanjen til Norges Friidrettsforbund. Draktene er delt ut til medlemmane på stemner i haust og på trening så langt lageret rakk.



Nye drakter – no kan alle sjå at kven som er Loddefjord friidrett

Klubbstemne og sosiale samlingar

Pga. Korona-restriksjonane har det ikkje blitt arrangert sosiale samlingar eller foreldremøte sidan februar 2020.

Som avslutning på vårsesongen (15. juni) og utesesongen (14. oktober) arrangerte friidrettsgruppa to interne klubbstemner på Alvøen stadion. Henholdsvis 15 og 20 barn og unge deltok. Det var konkurransar med tidtaking, måling og resultatlistar, men utan premieutdeling. Ein fin måte å ta i bruk heile friidrettsanlegget på Alvøen stadion. Kjekt for utøvarane å kunna prøva litt ulike øvelsar meir uhøgtidleg enn på eit eksternt stemne. Mange foreldre og støttespelarar stilte opp og hjelpte til med avviklinga.

Siste trening før jul vart markert med peparkaker og julebrus.



Loddefjord idrettslag

Loddefjordløpet

Pga. Korona-restriksjonane vart også Loddefjordløpet hausten 2020 avlyst. Styret gjorde nokre innkjøp og vurderte fortløpande situasjonen gjennom våren og sommaren, men konkluderte til slutt med at løpet ikkje kunne arrangerast i sin tradisjonelle form med fellesstart, barneløp, og folkeliv i Alvøen idrettspark. Me håpar smittesituasjonen gjer at det kan arrangerast eit tradisjonsrikt Loddefjordløp hausten 2021.



Sommaravslutning – med is

Friidrettsanlegget, treningsforhold og utstyr

Friidrettsgruppa sitt hovudanlegg er friidrettsanlegget i Alvøen idrettspark. Vinterstid bruker me også gymsalen på Alvøen skole og Leikvang friidrettshall i Åsane.

Styret har hatt fleire rundar med hovudstyret og dagleg leiar i klubben om behovet for vedlikehald av friidrettsanlegget i Alvøen idrettspark, inkludert sand til hoppegropene, kunststoffdekket og løpebanene. Friidrettsgruppa gjennomførte ein «rense-dugnad» rundt hoppegropene 8. september. Dugnadsgjengen i klubben gjorde også ein kjempeinnsats med skraping av løpebana. Styret har også tatt opp med klubben at det er behov for opplysning av sprintfeltet av kunststoff og generelt lys rundt løpebana for å kunna trenar der også etter at det er blitt mørkt (vinter/vår/haust). Det er også tatt opp plan om å setja opp eit kastbur for diskos



Loddefjord idrettslag

rundt diskosringen på grasbana. Eit kastbur vil komplettera friidrettsanlegget og vil dessutan kunna brukast av eliteutøvaren Sven Martin Skagestad som bur her i nærområdet. Det vil legga til rette for kasttrening i friidrettsgruppa og på sikt kanskje kunna inspirera nye kasttalent frå Loddefjord.

Friidrettsgruppa har framleis behov for meir kompetanse på trenarsida, så foreldre eller andre frivillige med friidrettsbakgrunn i Loddefjord er hjarteleg velkomne til å bidra på trenarsida. Treinarane våre vil få tilbod om trenarkurs i regi av Hordaland friidrettskrets. Friidrettsgruppa har også takka ja klubbbesøk frå kretsen sine spesialiserte trenarar på løp, hopp, kast. Me har også ambisjonar om at ungdom frå eldstegruppa kan få tilbod om å vera hjelpetreinar for dei yngste barna. Då kan dei eldste få utvikla trenarkompetanse og friidrettsgruppa kan få kapasitet til å ta i mot fleire rekruttar i alderen 8-9 år.

Bergen kommune har planar om å byggja fleirbrukshall i parken som skal stå ferdig i 2023.

På Alvøen skole kjem det no ein «friplass» (som inkluderer ei mini friidretts-rundbane på 200m, kulesektor, lengdegrop, og høgdehoppstativ) som er planlagt å vera klar til mai 2021.

Begge desse nye anlegga vil forhåpentlegvis også gje betre treningsmulegheiter for friidrett.

Det er kjøpt inn ein del nytt friidrettsutstyr, blant anna 12 nye hekkar, 2 nye startblokker, kuler, diskos og kjegler til bruk på friidrettstrening.



Juleavslutning – utan is

Økonomi

Økonomien i friidrettsgruppa er framleis god. Bortfall av inntekter frå arrangement og dugnad, men kompensert med ekstraordinær Covid-19-støtte, blant anna frå Norges Friidrettsforbund og Fana sparebank. Sponsoravtalen med Eikedalen skisenter er også vidareført. Med to betalte trenarar er me i eit normalår likevel heilt avhengig av ekstra inntekter frå sponsor, dugnad og arrangement for å få budsjettet til å gå i balanse.



Loddefjord idrettslag

Loddefjord friidrett – utvalde stemmeresultat i 2020 (offisielle)

Klasse	Øvelse	Resultat	Utøver	Stemme	#plassering	Tyrvingpoeng
J16	800m	2,37,04	Julie Hordnes	Norna Young 6	1	685
G13	300m	49,18	Brage Storlid Kvinge	Oslekene	3	569
G12	60m	8,92	Jone Alsaker Løken	Pingvinlekene	1	859
G11	Høgde	1,43	Bjørnar Seland Haugen	Pingvinlekene	1	1035
G11	Tresteg	8,39	Bjørnar Seland Haugen	Gneistspelen	2	919
G11	Lengde	4,13	Leon Kangethe Espeli	Oslekene	1	916
G11	60m	9,13	Leon Kangethe Espeli	Oslekene,	2	910
G11	Lengde	4,01	Leon Victor Sandvik	Oslekene	3	892
G11	Kule	8,40	Bjørnar Seland Haugen	Oslekene	1	874
G11	80m	12,16	Leon Kangethe Espeli	Karabinlekene	2	865
J11	Lengde	3,62	Thea Stikholmen	Karabinlekene	5	846
G11	80m	12,27	Leon Victor Sandvik	Karabinlekene	3	841
G11	Høgde	1,15	Leon Victor Sandvik	Oslekene	5	839
J11	Kule	6,09	Thea Stikholmen	Oslekene	1	780
J11	60mh	12,11	Thea Stikholmen	Oslekene	4	770

Bestenoteringar 2020 i Alvøen idrettspark (klubbstemne, uoffisielle målingar)

Øvelse	Resultat	Utøver	Stemme
60m	8,4	Simen Glesnes (G15)	Loddefjord klubbstemne 14.10.2020
100m	13,4	Fredrik Fausa (G16)	Loddefjord klubbstemne 15.06.2020
200m	26,34	Per Magnus Arjun Solli (MS)	Loddefjord klubbstemne 15.06.2020
400m	1,08	Simen Glesnes (G15)	Loddefjord klubbstemne 15.06.2020
600m	1,49	Simen Glesnes (G15)	Loddefjord klubbstemne 14.10.2020
Lengde	4,36	Simen Glesnes (G15)	Loddefjord klubbstemne 14.10.2020
Høgde	1,35	Bjørnar Seland Haugen (G11)	Loddefjord klubbstemne 15.06.2020
Liten ball	53,20	Fredrik Fausa (G16)	Loddefjord klubbstemne 15.06.2020
Kule	9,00	Simen Glesnes (G15)	Loddefjord klubbstemne 14.10.2020